



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

**Sakshandsamar:**  
Aud Trohaug  
aud.trohaug@siu.no

Berit Roksvåg

Saknr:  
2014/181  
Vår ref:  
8413/2014

Dykkar ref:  
2014/16323-2

Dato:  
07.08.2014

## Godkjenning av praksisopphald i Tanzania med støtte frå Lånekassen

Vi viser til brev av 1. juli 2014 der Hordaland fylkeskommune søker om å endre praksisstaden i Tanzania for elevar som tek Vg2 helsearbeidarfag og barne- og ungdomsarbeidarfag ved Lønborg videregående skole.

### Vedtak

SIU godkjenner med dette at ei elevgruppe i helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget ved Lønborg videregående skole får utdanningsstøtte til opphald i åtte veker ved Tanga International Competence Center Ltd i Tanzania frå og med skuleåret 2014-2015.

Dette erstattar opplegget med studieopphald i åtte veker i Zanzibar, Tanzania, som tidlegare er godkjent for støtte av Kunnskapsdepartementet, først i brev av 24. september 2010, og sidan i brev av 8. januar 2013.

Det er ein føresetnad for vedtaket at det ikkje er andre endringar frå det tidlegare godkjente opplegget enn det søknaden beskriv. Fylkeskommunen er ansvarleg for at opplegget går inn i den ordinære opplæringa for elevane, og at det ikkje fører til forseinking i denne opplæringa.

Heimel for vedtaket finst i forskrift om utdanningsstøtte, 2014-2015 § 35-10 og forskrift om godkjenning for utdanningsstøtte § 3.

### Vidareføring av godkjenning

Etter forskrift om godkjenning for utdanningsstøtte, må skuleeigar søke om ny godkjenning kvart tredje år. Hordaland fylkeskommune må søke om ny godkjenning for praksisopphaldet i Tanzania innan 1. oktober 2016. Søker de ikkje om ny godkjenning innan fristen, vil godkjenninga falle bort frå og med undervisningsåret 2017-2018.

Venleg helsing

Siv Andersen  
avdelingsdirektør

Aud Trohaug  
Aud Trohaug  
førstekonsulent

Kopi:  
- Lånekassen  
- Kunnskapsdepartementet